

Årsmelding

Lokallagsstyret

I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Navn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Lederverv				
Simen Sirevåg	Bø Skule	Grunnskule	Leiar	Til 31.07.23
Åsa Bratland Bø	Stokkalandsmarka bhg/Gråtassen	Barnehage	Leiar	01.08.23 – 19.10.23
<i>Endring etter ekstraordinært årsmøte 19.10.23</i>				
Renate Erga Cederstrøm	Alle med i Hå	FAS/ bhg	Leiar	Fra 19.10.23
Karen-Elise Fossen	Motland Skule	Grunnskule	Nestleiar	
Styremedlemmer				
Susanne Christin Ueland	Gråtassen barnehage	Barnehage	HTV- Barnehage	
Karen-Elise Fossen	Motland Skule	Grunnskule	HTV-Skule	
Ane Vårdal Hole	Varhaug Skule	Grunnskule	Styremedlem	
Bente Tjensvoll	Lensmannsgarden bhg	Barnehage	Styremedlem	
Ingunn Helen Reiestad	Vigrestad Storskule	Grunnskule	Styremedlem	Til 31.07.23
Monica Nord- Varhaug	Vigrestad Skule	Grunnskule	Styremedlem	Til 31.07.23
Åsa Bratland Bø	Stokkelandsmarka bhg	Barnehage/ leier	Styremedlem	Til 31.07.23
Kathrine Varhaug	Vigrestad storskule	Grunnskule	Styremedlem	Frå 01.08.23
Ane Salte	Gråtassen bhg	Barnehage	Styremedlem	Frå 01.08.23
Gro Toril Vøllestad	Rosktoppen bhg	Barnehage /leiar	Styremedlem	Frå 01.08.23
<i>Endring etter ekstraordinært årsmøte 19.10.23</i>				
Vidar Aarstad	Tryggheim u.skule	Grunnskule (priv)	Styremedlem	Frå 19.10.23
Vara styremedlemmer				
Ane Salte	Gråtassen bhg	Barnehage	1.vara	Til 31.07.23
Gro Toril Vøllestad	Rosktoppen bhg	Barnehage /leier	2.vara	Til 31.07.23
Inger Haarr Varhaug	Ogna Skule	Grunnskule	3.vara	Til 31.07.23
Vidar Aarstad	Tryggheim u.skule	Grunnskule (priv)	1.vara	Frå 01.08.23
Gunhilde Njærheim Vøllestad	Bø skule	Grunnskule	2.vara	Frå 01.08.23
Jane-Elin Bjelland	Vigrestad skule	Grunnskule	3.vara	Frå 01.08.23
<i>Endring etter ekstraordinært årsmøte 19.10.23</i>				
Gunhilde Njærheim Vøllestad	Bø skule	Grunnskule	1.vara	Frå 19.10.23
Jane-Elin Bjelland	Vigrestad skule	Grunnskule	2.vara	Frå 19.10.23
Åsa Bratland Bø	Gråtassen bhg	Barnehage/ leier	3.vara	Frå 19.10.23

Styremøter

Me har hatt 8 styremøter i løpet av 2023. Møta er alltid på rådhuset og me startar møtene med mat. Mange tema og saker har vore drøfta, blant anna:

- Politisk påverknad i samband med kommunebudsjett og uro/ skifte av kommunedirektør
- Aktuelle saker frå utval O/K og kommunestyre vert informert om og drøfta. Saker i kommunen elles.
- Tariff 2023 - lokale forhandlinger
- Profesjonsutvikling
- Tilsetjingar (HTV/LL) – styret vert orientert
- Ivaretaking av avtaleverk
- Rekom
- Dekom
- Partssamarbeid
- *Oppfølging av medlemmear/medlemspleie*
- Deltaking og medskaping i Jærskulen – HTV sitter i styringsgruppa, ATVane får delta på Jærskuledagane, 4 g/året.
- Høyringsinnspel, både lokalt og sentralt
- Medlemsmøte m Bjarte Myrhol.
- Ny ansiennitetsberekning i kommunane

Arbeidsplassstillitsvalgte i lokallaget i 2023

Arbeidsplass	Navn	Verv	Periode
Bjorhaug bhg	Randi Elisabeth Reiestad Torkildsen	ATV	
Gråtassen bhg	Rannveig	ATV	
Lensmannsgarden bhg	Bente Tjensvoll	ATV	
Motlandsmarka bhg	Arnt Håvard Vigre	ATV	
Rosktoppen bhg	Gro Torill Vølstad	ATV	
Bø skule	Gunhilde Njærheim Vøllestad	ATV	Til 31.07.23
	Tomas Legreid	ATV	Frå 01.08.23
Høyland Skule	Klaus Obrestad	ATV	
Motland Skule	Merethe Thomassen Arnes	ATV	
Nærbø U	Viktor Andersson	ATV	
Ogna	Inger Haarr Varhaug	ATV	
Tryggheim U	Håkon Kallevik Haugland	ATV	
Varhaug Skule	Sissel Solberg Larsen	ATV	Til 31.07.23
	Ane Hole Vårdal	ATV	Frå 01.08.23
Varhaug U	Bente Slåtten	ATV	
Vigrestad Skule	Turid Stavnem Høynes	ATV	
Vigrestad Storskule	Kathrine Varhaug	ATV	
PPT	Bente Brekken	ATV	Til 09.10.23
Hå kyrkjelege fellesråd	Møyfrid Garborg	ATV UDF og fellestillsvagt	

Jærmuseet	Silje Andreassen Berge	ATV	
-----------	------------------------	-----	--

Utvalg, råd og fora

Lokallagsstyret har oppnevnt 1 utvalg. Her er en oversikt over hvem som er oppnevnt, antall møter som har vært avholdt, og hva som har vært de viktigste sakene.

Forhandlingsutvalg: Karen-Elise Fossen (leder), Susanne Christin Ueland og Åsa B. Bø

Møte i forhold til forhandling i kapittel 3 og 5 ved lokale forhandlinger i kommunen. Forhandlingane vart avslutta 24. oktober med protokollsignering.

Medlemmer

Utdanningsforbundet Hå har per 31.12.23, 479 medlemmer.

2004: 282

2009: 336

2013: 351

2015: 390

2016: 419

2021: 474

2022: 479

2023: 479

Prioriterte saker for Utdanningsforbundet Hå i årsmøteperioden.

Årsmøtet 2023 påla oss å arbeide for å få inn meir spes.ped-kompetanse i skule og barnehage.

HTVane har jobba med dette i sine møte med arbeidsgivar. Vi ser at dette er eit langsiktig arbeid, der vi må arbeide både med organisering av spes.ped-arbeidet og jobbe for å få auka kompetansen i barnehagne og skulane i kommunen.

Styret har brukt tid på å planleggje gode medlemsmøte for medlemmane. Målet har vore å gje godt fagleg påfyll saman med ei kjekk sosial oppleving.

Aktuelle saker frå fylket og sentralleddet har vore drøfta, for å gje LL og HTV innspel når dei reiser på fylkessamlingar. M.a. diskuterte vi saker til fylkesårsmøtet.

Medlemsaktivitet

Me arrangerte medlemsmøte for alle medlemmar 9.november i Jadarheim på Nærbø. Der fekk med foredrag med Bjarte Myrhol. På føremiddagen fekk 8.trinn på TUS og NUS besøk av Myrhol, fordi to medlem hadde meldt seg på konkurransen vår: Vinn besøk til klassen din.

Kurs og møter

Me har arrangert TV1 (tillitsvalgtkurs for nye tillitsvalgte) kurs for 6 nye ATVar. Det holdt me i saman med Time og Klepp.(Kurset er 1 dag)

Nye tillitsvalte har også starta eller avslutta grunnopplæringa for nye tillitsvalde. Grunnopplæringa består av TV2, TV3 og TV 4 (kursa vert arrangert av fylket, totalt 5 dagar).

HTVane for skule og barnehage har halde jamnlege møte med dei plasstillitsvalde, for å sikre informasjon og vidare opplæring.

Kontor

Me har kontor på rådhuset på Varhaug. Kommunen dekker frikjøp for HTV skule, 75%, og HTV barnehage 25 %. 54% fri kjøp frå UDF sentralt er fordelt slik: Leiar 40%, nestleiar 5 % og HTV barnehage 9 %. I tillegg betaler vi i Hå for ytterlegare 6 % frikjøp til henne. Dette for å få eit samla frikjøp på 40%. tanken bak auka frikjøp er å gje HTV barnahage meir tid til medlemsverving og oppfølging av dei private barnehagane.

Årsmelding fra HTV Barnehage

Dette året har vært innholdsrikt med mange nye oppgaver som jeg har fått utfordret meg på. På årsmøte i 2023 ble det vedtatt at vi ønsker å jobbe for at alle barnehager skal få en spesialpedagog på topp. Dette har vi jobbet mye med, vi har jobbet med dette gjennom å se på trinnmodellen, vært i kontakt med spes.ped.-teamet, PPT, barnehagesjef, m.m. Dette er et arbeid som tar tid, men vi står på videre!

På ATV møtene har plantid og spesialpedagogikk vært store temaer.

I høst fikk vi nytt kommunestyre, og vi (HTV barnehage og skole) var inkludert i politikeropplæringen, der vi fikk muligheten til fronte viktige saker for Utdanningsforbundet, og vi ble kjent med de ulike politikerne, slik at det er lettere å ta kontakt senere. Vi har også vært observatører på kommunestyremøter og følger med på de sakene som angår barnehage og skole. Politikerne oppsøker oss ofte i pauser og spør om ulike ting. Dette er en verdifull måte å drive politisk påvirkning på.

Den største utfordringen vi har jobbet med er å rekruttere og beholde barnehagelærere.

Barnehagesjefen har opprettet prosjektgruppa «rekruttere og beholde». Gruppa består av Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Delta, barnehagesjef, og fire styrere. Arbeidet fortsetter våren 2024.

Endringen i hovedtariffavtalen om ny beregning av ansiennitet har vi fått mange spørsmål om, og vi er med i arbeidsgrupper o.l. for å forhandle fram gode løsninger her. Arbeidet fortsetter våren-24.

Jeg deltar i mange intervjuer i barnehagene, og jeg har jobbet med ulike medlemssaker og bistått i disse prosessene.

Jeg har også vært styremedlem i Rekomp – Regional kompetanseheving i barnehager, og dette har tatt en del tid. Ulike kurs og kontaktforum har kommet utenom dette.

Neste år er det en ny HTV barnehage på plass, og jeg ønsker vedkommende velkommen samtidig som jeg takker for meg. Det har vært to utrolig givende og spennende år som HTV.

Varhaug mars-24

Susanne Christin Ueland

HTV barnehage- Utdanningsforbundet Hå

Årsmelding fra hovedtillitsvalgt skule

Hovudoppgåva mi er å sjå til at lov og avtaleverk blir følgd. Då går mykje tid til å følgje med og halde seg oppdatert, delta på kurs mm. Dei tillitsvalde på skulane er dei som i praksis utfører mykje av dette, og dei må få opplæring og hjelp med spørsmål dei har.

Eg har fast møte med skulesjef, stort sett kvar veke. Vi får då informert kvarandre om ulike ting, samt diskutert aktuelle saker.

I tillegg er eg med på rektormøta, der eg får innsyn i aktuelle saker og kva som vert satsingar framover. Dette kan eg så informera vidare om til ATVane.

HTV er medlem av styringsgruppa i Jærskulen. Vi diskuterer og legg føringar for vidare satsingar, for samarbeidet med UiS gjennom Partners in Practise (PiP), planlegg Jærskuledagane osb.

På kommunenivå er vi med på faste informasjonsmøte med kommunedirektøren si ledergruppe, og vi har samarbeidsgrupper der dei andre fagforbunda er med saman med representantar for personalavdelinga.

I 2023 var det kommuneval. Det har då vore viktig å bli kjend med nye politikarar, og vi bruker tid på å fortelje om utfordringsbiletet i Hå-skulen. (Sjå årsmelding frå HTV bhg)

Lokale forhandlingar i kap 3 og 5 var slutført i oktober.